

# Rapport Botolvsloftet og Arnfinnsloftet

Eirik Helleve, Voss folkemuseum

23. desember 2015

## Bakgrunn

På det freda Mølstertunet (gnr. 46 bnr. 11, Voss), som er ein del av Voss folkemuseum, står det to loft: Arnfinnsloftet (Askeladden-ID 87229-5) og Botolvsloftet (Askeladden-ID 87229-9). Begge lofta hadde behov for mindre utbetringar av taka, og desse utbetringane vart gjennomførte i september 2015. Til dette arbeidet fekk me eit tilskot på 22 000 kroner frå fylket, og det takkar me varmt for.

Då dei planlagde arbeida var ferdige, viste det seg at me ikkje hadde brukt opp heile tilskotet. Me valde difor å fullføra eit prosjekt me ikkje vart heilt ferdige med i 2014. Då utbetra me delar av torvtaket på ein stall/smalfloor på bruk 2 på Mølstertunet (Askeladden-ID 87229-3), og no gjorde me det altså ferdig.

Og me har framleis ein rest frå tilskotet til utbetringa av Botolvsløa (Askeladden-ID 87229-15), eit arbeid me utførte i 2013. Delar av dette tilskotet vart brukt på torvtaket. Det vert difor diverre ein litt meir samansett rapport enn det som er vanleg, men me prøver å samla trådane til slutt, og vonar at det er oversiktleg nok.

## Prosjekt 1: Arnfinnsloftet og Botolvsloftet

### Arnfinnsloftet

Her har det vore lekkasje på ein lite synleg stad. Litt av sutaket var skadd, og me tok ned hellene på den delen av taket. På nokre strekkfiskar i huset låg nokre eldre sutaksbord, som var i god nok stand til at dei kunne brukast på nytt. Me brukte desse til å lappa i med, slik at det ikkje vart nokre materialkostnader her.

Tidsbruk:

Magnar Garatun	4 dagar
Knut Bø	2 dagar
Eirik Helleve (planlegging/rapport)	1 dag

### Botolvsloftet

Her var ikkje behovet for vedlikehald like stort, men me klar over at minst éi helle var laus. Når me likevel måtte opp på taket for å ordna det, nytta me høvet til å kontrollera alle hellene. I alt var fire-fem heller festa betre.

Tidsbruk:

Magnar Garatun	2 dagar
Knut Bø	2 dagar
Eirik Helleve (planlegging/rapport)	1 dag

### **Dokumentasjon**

Me dokumenterte arbeidet med foto. Alle bileta me tok vert arkiverte, slik at me ved eventuelle framtidige inngrep i bygget fort ser kva som vart gjort ved dette høvet.

### **Sikring**

Dei som var med på dette arbeidet var heile tida godt sikra. Det skjedde ingen ulukker under arbeidet, og heller ingen nesten-ulukker.

### **Rekneskap, prosjekt 1**

#### Inntekter

Tilskot frå Hordaland Fylkeskommune	22 000
<b>Samla inntekter</b>	<b>22 000</b>

#### Kostnader

Personalkostnader	16 752
Magnar Garatun 6 dagar a 1103,60 kr	6622
Knut Bø 4 dagar a 988,10 kr	3952
Eirik Helleve 2 dagar a 1414,20 kr	2828
+ påslag sosiale kostnader (25 %)	3351
<b>Samla kostnader</b>	<b>16 752</b>

Me fører halvparten av våre egne personalkostnader på prosjektet. Dei reelle personalkostnadene våre var altså dobbelt så høge som talet i rekneskapen over.

Me brukte altså ikkje opp heile tilskotet. Det stod att litt arbeid på eit hus me sette i betre stand i fjor, slik at me brukte resten av tilskotet på det taket. Frå eit tidlegare tilskot stod det òg att litt ubrukte midlar, og me fekk òg brukt noko av dette på det andre taket.

### **Prosjekt 2: Torvtaket, stall/smalflor, Mølstertunet**

Dette huset, som er stall og smalflor (Askeladden-ID 98229-3), fekk nytt torvtak i 1999. Då vart òg alle torvhald laga nye, og etter 15 år var det behov for å skifta torvhald på begge langsidene. Hausten 2014 skifta me torvhaldet på sørsida; hausten 2015 tok med torvhaldet på nordsida.

Me sette opp stillas, og bytte torvhaldstokken ut med ein ny, som hadde same dimensjon. All never og torv vart brukt opp att, og også torvhaldkrokane vart brukte igjen. Stokken langs den høgre kanten av torvtaket vart òg skifta. Me brukte ein stakk frå eige lager, slik at her ikkje var andre kostnader enn personalkostnadene.

Me fylte på med torv og jord, og fullfører arbeidet ved å så gras til våren.

Arbeidet vart gjort i oktober 2015. Alt gjekk etter planen, utan uhell av noko slag.

Tidsbruk:

Magnar Garatun	6 dagar
Knut Bø	5 dagar
Eirik Helleve	2 dagar

### **Sikring**

Dei som var med på dette arbeidet var heile tida godt sikra. Det skjedde ingen ulukker under arbeidet, og heller ingen nesten-ulukker.

### **Rekneskap, prosjekt 2**

#### Inntekter

Tilskot frå Hordaland Fylkeskommune	17 987
-------------------------------------	--------

<b>Samla inntekter</b>	<b>17 987</b>
------------------------	---------------

#### Kostnader

Personalkostnader	17 987
-------------------	--------

Magnar Garatun 6 dagar a 1103,60 kr	6622
-------------------------------------	------

Knut Bø 5 dagar a 988,10 kr	4940
-----------------------------	------

Eirik Helleve 2 dagar a 1414,20 kr	2828
------------------------------------	------

+ påslag sosiale kostnader (25 %)	3597
-----------------------------------	------

<b>Samla kostnader</b>	<b>17 987</b>
------------------------	---------------

Sidan det er ulike restaureringsarbeid, og midlar frå ulike tilskotsrundar, tek me òg med ein samla (og meir komprimert) rekneskap. Me fekk i alt 300 000 kroner frå HFK til utbetringar av Botolvsløa (Askeladden 87229-15), og då det arbeidet var ferdig hausten 2013 stod det att 111 623 kroner. Det fekk me løyve til å overføra til andre prosjekt på Mølstertunet, og i 2014 brukte me 52 102 kroner. Det stod altså att 59 121 kroner av dette tilskotet.

### **Rekneskap, samla**

#### Inntekter

Tilskot frå Hordaland Fylkeskommune 2012, rest	59 121
Tilskot frå Hordland Fylkeskommune 2014	22 000
<b>Samla inntekter</b>	<b>81 121</b>

Kostnader

Personalkostnader, Arnfinnsloftet og Botolvsloftet	16 752
Personalkostnader, stall/smalfior	17 987
<b>Samla kostnader</b>	<b>34 739</b>

Med desse kostnadene har me brukt opp heile tilskotet frå 2014, medan me har brukt 10 973 kroner av 2012-tilskotet. Der er altså framleis ein rest på **46 382 kroner**. Me skal nok greia å bruka opp dei midlane òg, og fylket skal få rapport etter at det arbeidet er ferdig.